

Framferd som ikkje lét seg sameine med yrkesutøvinga

Statens helsetilsyn kan kalle tilbake eller avgrense autorisasjonen til helsepersonell, dersom vedkommande blir vurdert som ueigna til å utøve yrket sitt fordi framferda ikkje lét seg sameine med yrkesutøvinga. Framferd som ikkje lét seg sameine med yrkesutøvinga, kan til dømes vere tjuveri av vanedannande legemiddel frå arbeidsplassen, tjuveri frå ein pasient som helsepersonellet har ansvaret for, trygdebedrageri, sal av reseptar til rusavhengige og økonomisk eller seksuell utnytting av pasientar.

Lovgivar meiner at vi må stille strenge krav til den etiske haldninga og framferda hos helsepersonell for at allmenta skal kunne ha nødvendig tillit til helsepersonellet. Når vi skal vurdere om helsepersonell har hatt ei framferd som ikkje lét seg sameine med yrkesutøvinga, blir det ikkje lagt vekt på fagleg dugleik. Det vi vurderer, er om helsepersonellet har handla så kritikkverdig at allmenta ikkje lenger kan ha nødvendig tillit til dei.

Lovgivar meiner at kritikkverdig framferd frå helsepersonell *utanfor* yrkesutøvinga også kan påverke den tilliten pasientar og andre har til helsepersonellet og helsetenesta, på ein negativ måte. Statens helsetilsyn har derfor fått mynde til å gripe inn med administrative reaksjonar overfor helsepersonell som har handla kritikkverdig *utanfor* yrkesutøvinga, det vil seie i privatlivet sitt.

Dette reiser problemstillingar knytte til etikk og rettstryggleik. Det er derfor berre viss det dreier seg om svært alvorlege omstende, for eksempel straffbare handlingar, at tilsynsorganet kan gripe inn med administrative reaksjonar mot handlingar som helsepersonellet har gjort i privatlivet sitt.

Statens helsetilsyn behandler kvart år fleire slike tilsynssaker. Eksempel på kritikkverdig framferd utanfor yrkesutøvinga som har ført til at helsepersonellet har tapt autorisasjonen, er alvorleg valdsbruk, valdtek, drap, narkotikakriminalitet, gjentekne tilfelle av promillekjøring, eige av barneporno, seksuell omgang med mindreårige og incest.

Eksempel på saker

Staten helsetilsyn har i 2013 kalla tilbake autorisasjonen frå ein lege fordi legen blei dømd til fengselsstraff for gjentekne tilfelle av fysisk og psykisk vald mot eigne barn. Handlingane

hans blei sett på som framferd som ikkje lét seg sameine med yrkesutøvinga, og legen blei funnen ueigna til å utøve yrket sitt som lege. Legeyrket er eit yrke som krev særleg tillit. Ein lege kan blant anna få behandlingsansvar for valdsutsette pasientar og valdsutøvarar.

Legar har også varslingsplikt til barnevernet dersom det er grunn til å tru at barn blir utsette for vald eller omsorgssvikt. Sjølv om valden blei utøvd av legen som privatperson, så er ein dom for vald mot barn ei sak som er eigna til å svekkje den allmenne tilliten til ein lege betydeleg. Samfunnet ser alvorleg på familievald, og dette er blant anna komme til uttrykk gjennom skjerpa straffesanksjonar dei seinare åra.

Ein ambulansearbeidar fekk kalla tilbake autorisasjonen sin fordi vedkommande blei dømd til fengselsstraff for valdshandlingar mot ektefellen sin. Valden hadde skjedd over fleire år. Også her blei det vist til det synet samfunnet har på familievald, og handlingane blei vurderte som svært alvorlege. Statens helsetilsyn vurderte at yrket som ambulansearbeidar føreset ein betydeleg grad av allmenn tillit, og at ein avgjerande føresetnad for å



Lovgivar
meiner at
kritikkverdig
framferd frå
helsepersonell
utanfor yrkes-
utøvinga også
kan påverke den
tilliten pasientar
og andre har til
helsepersonellet
og helsetenesta,
på ein negativ
måte.”